



MØTEPROTOKOLL

Utval	Formannskapet
Møtedato	06.04.2017
Møtestad	Formannskapsalen , Rådhuset
Møtetid	17:30 -

Følgjande medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Repr
Peder Sjo Slettebø	Ordfører	H
Hans Inge Myrvold	Varaordfører	SP
Leif Sverre Enes	Medlem	H
Sølvi Ulvenes	Medlem	H
Gerd Laura Bondhus	Medlem	SP
Marit Aarthun	Medlem	KRF
Bernth Harry Eliassen	Medlem	AP
Ove Lemicka	Medlem	FRP

Følgjande medlemmer møtte ikkje:

Namn	Funksjon	Repr
Hilde Enstad	MEDL	AP

Følgjande varamedlemar møtte:

Namn	Vara for	Repr
Gretha Rød	Hilde Enstad	AP

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Odd Ivar Øvregård	Rådmann
Bente Høyland	Møtesekretær

MERKNADER:

Orienteringar:

Ordfører orienterte om møter og hendingar sidan sist.
Rådmann hadde presentasjon av rekneskap 2016.

Permisjonar:

Ingen.

Inhabile:

Ingen.

Spørsmål

Frå Ove Lemicka (Frp):

Er det mogeleg å få ein gjennomgang angående dei mobile boligane som er sett opp på Husnes?
Gjeld framdrift frå byggesak, tildeling av kontraktar osv.

Rådmann vil komma tilbake med skrifteleg svar.

Evt. endring på saksrekkefølge:

2017/33 – Høyring – Regional kystsoneplan for Sunnhordland - *vart trekt frå saklista.*

Tilleggssaker:

2017/34 – Plassering av ny idrettshall på Husnes.

SAKLISTE

Saksnr	Innhald
PS 2017/26	Innspel til melding og forslag til utgreiingsprogram - 300 (420) kv kraftledning Blåfalli - Mauranger - Samnanger
PS 2017/27	Strategiar for SMIL -ordninga 2017 - 2022
PS 2017/28	Høyring av planforslag til Regional Transportplan Hordaland - uttale Kvinnherad
PS 2017/29	Uttale - konsesjonssøknad - nedlegging av av Bjørkedalsdammen - Valen
PS 2017/30	Lokal matproduksjon ved institusjonane
PS 2017/31	Innløysing av grunn frå 82/12 Hilde og Gunnar Bjørke
PS 2017/32	Reguleringsplan for gang-/sykkelveg Fv. 48 Herøysund - prosjektplan
PS 2017/33	Høyring - Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Hardanger
PS 2017/34	Plassering av ny idrettshall på Husnes Refererte skriv
RS 2017/4	Vedtak om prikktildeling

PS 2017/26 Innspel til melding og forslag til utgreiingsprogram - 300 (420) kv kraftledning Blåfalli - Mauranger - Samnanger

Behandling i Formannskapet den 06.04.2017

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Formannskapet den 06.04.2017

Kvinnherad formannskap ønskjer at alle permanente anlegg vert synleggjort i utgreiinga.

Langtidseffektar av stråling frå linene nær bebyggelse må utgreiast.

Alternativ med sjøkabel bør og utgreiast.

PS 2017/27 Strategiar for SMIL -ordninga 2017 - 2022

Behandling i Formannskapet den 06.04.2017

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Formannskapet den 06.04.2017

Formannskapet i Kvinnherad godkjenner framlagde strategiar for bruk av SMIL- midlar i perioden 2017 – 2022. Årleg forslag til fordeling av midlar skal kvart år leggjast fram til godkjenning i formannskapet.

PS 2017/28 Høyring av planforslag til Regional Transportplan Hordaland - uttale Kvinnherad

Behandling i Formannskapet den 06.04.2017

Nytt framsett forslag til tilleggspunkt frå formannskapet:

Formannskapet ber om at ferjeavløysingsmidlar vert særleg omtala i planen, med Fjelbergsambandet og fastlandssamband til Huglo som aktuelle prosjekt i Sunnhordland.

Innstillinga frå rådmannen, i tillegg til framsett forslag frå formannskapet, vart samrøystes vedteke:

Kvinnherad formannskap sluttar seg til mål og strategiar i forslag til Regional Transportplan Hordaland 2018-2029 slik dei ligg føre.

Formannskapet vil, med omsyn til fylkeskommunen sitt vidare arbeid med

Investeringsprogrammet for fylkesvegnettet, visa til prioriteringane i Kvinnherad kommunestyre sitt vedtak 22.09.2016 vedkomande Kvinnheradspakken.

Formannskapet ber om at ferjeavløysingsmidlar vert særleg omtala i planen, med Fjelbergsambandet og fastlandssamband til Huglo som aktuelle prosjekt i Sunnhordland.

Protokoll/røysteforklaring frå Gretha Rød (Ap):

Kvinnherad Ap står framleis på sitt eige forslag til saka. Uttale til statleg kommunaldelplan – E39 Stord Os – Statens vegvesen frå KS 15.12.16 2016/78.

Vedtak frå Formannskapet den 06.04.2017

Kvinnherad formannskap sluttar seg til mål og strategiar i forslag til Regional Transportplan Hordaland 2018-2029 slik dei ligg føre.

Formannskapet vil, med omsyn til fylkeskommunen sitt vidare arbeid med investeringsprogrammet for fylkesvegnettet, visa til prioriteringane i Kvinnherad kommunestyre sitt vedtak 22.09.2016 vedkomande Kvinnheradspakken.

Formannskapet ber om at ferjeavløysingsmidlar vert særleg omtala i planen, med Fjelbergsambandet og fastlandssamband til Huglo som aktuelle prosjekt i Sunnhordland.

PS 2017/29 Uttale - konsesjonssøknad - nedlegging av av Bjørkedalsdammen - Valen

Behandling i Formannskapet den 06.04.2017

Nytt framsett forslag frå formannskapet:

- Kvinnherad formannskap vil av omsyn til kulturminne og friluftsliv at Bjørkedalsdammen og demninga vert teken vare på for ettertida.
- Kvinnherad kommune går i dialog med Hordaland fylkeskommune og Valestiftinga for å freista finna felles løysingar for turvande oppgradering og sikring av demninga.
- Kvinnherad formannskap finn ingen vesentlege moment som talar mot at røyrgata vert fjerna.
- Saka ver å legge fram for formannskapet til endeleg avgjerd.

Røysting: Nytt framsett forslag vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Formannskapet den 06.04.2017

- *Kvinnherad formannskap vil av omsyn til kulturminne og friluftsliv at Bjørkedalsdammen og demninga vert teken vare på for ettertida.*
- *Kvinnherad kommune går i dialog med Hordaland fylkeskommune og Valestiftinga for å freista finna felles løysingar for turvande oppgradering og sikring av demninga.*
- *Kvinnherad formannskap finn ingen vesentlege moment som talar mot at røyrgata vert fjerna.*
- *Saka ver å legge fram for formannskapet til endeleg avgjerd.*

PS 2017/30 Lokal matproduksjon ved institusjonane

Behandling i Formannskapet den 06.04.2017

Nytt framsett forslag frå Ap:

- Rådmannen får i oppdrag å utgreie vidare matproduksjon ved alle institusjonane.
- FS ønskjer at ein sjekkar andre kommunar som har kok/server (som Granvin og Aurland) korleis dei får det til økonomisk.

Nytt framsett forslag frå H/Sp/Frp/Krf:

Kommunestyret bed om ei evaluering av dagens ordning ved ei brukarundersøking før handsaming av økonomiplanen 2020-2023.

På bakgrunn av evalueringa og brukarundersøkinga tek kommunestyret stilling til evt. vidare utgreiing.

Røysting:

Rådmannen si innstilling fekk ingen røyster og fall.
Dei nye forslaga vart sett opp mot kvarandre.
Ap sitt forslag fekk to røyster og fall.
H/Sp/Frp/Krf sitt forslag fekk fleirtal med 7 røyster.

Innstilling frå Formannskapet den 06.04.2017

Kommunestyret bed om ei evaluering av dagens ordning ved ei brukarundersøking før handsaming av økonomiplanen 2020-2023.

På bakgrunn av evalueringa og brukarundersøkinga tek kommunestyret stilling til evt. vidare utgreiing.

**PS 2017/31 Innløysing av grunn frå 82/12 Hilde og Gunnar Bjørke
Behandling i Formannskapet den 06.04.2017**

Rådmannen si innstilling vart samrøystes.

Innstilling frå Formannskapet den 06.04.2017

- Kommunestyret godkjenner avtale mellom Kvinnherad kommune og Hilde M. og Gunnar Bjørke om å ta parsell av gnr. 82 bnr.12 inn i skjønn for Skålakaien som vedkjem gnr. 82 bnr. 27, 62, 185 og 230.

**PS 2017/32 Reguleringsplan for gang-/sykkelveg Fv. 48 Herøysund -
prosjektplan****Behandling i Formannskapet den 06.04.2017**

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Formannskapet den 06.04.2017

Kvinnherad formannskap vedtek prosjektplan for «Reguleringsplan for gang-/sykkelveg Fv. 48 Herøysund» slik den ligg føre.

**PS 2017/33 Høyring - Regional kystzoneplan for Sunnhordland og Hardanger
Behandling i Formannskapet den 06.04.2017**

Saka vart trekt av rådmannen.

**PS 2017/34 Plassering av ny idrettshall på Husnes
Behandling i Formannskapet den 06.04.2017**

Nytt framsett forslag frå formannskapet:

- Styringsgruppa vel alternativ K1 som plassering for ny fleirbrukshall i tråd med tilrådinga frå forprosjektet.

- Styringsgruppa bed ordførar i samarbeid med kommunen sin advokat ta over grunnforhandlingane i området.
- Styringsgruppa gjer følgande endring i prosjektgruppa:
 - I.L. Trio vert representert i prosjektgruppa v/styreleiar Knut Prestnes
 - Ordføraren tiltrer prosjektgruppa.

Røysting:

Nytt framsett forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Formannskapet den 06.04.2017

- ***Styringsgruppa vel alternativ K1 som plassering for ny fleirbrukshall i tråd med tilrådinga frå forprosjektet.***
- ***Styringsgruppa bed ordførar i samarbeid med kommunen sin advokat ta over grunnforhandlingane i området.***
- ***Styringsgruppa gjer følgande endring i prosjektgruppa:***
 - ***I.L. Trio vert representert i prosjektgruppa v/styreleiar Knut Prestnes***
 - ***Ordføraren tiltrer prosjektgruppa.***

Refererte skriv
RS 2017/4 Vedtak om prikktildeling Vedtak om prikktildeling